



# KATT OG MUS-SISTEN



# KATT OG MUS-SISTEN

## Hensikt

I Katt og mus-sisten er barna aktive i moderat til høg intensitet ved at katten heile tida jagar etter musa. Barna må også vere konsentrerte og følgje med på om dei sjølve blir mus undervegs i leiken.

## Utstyr

Ingen krav til utstyr.

## Forklaring

1. Eitt barn er katt og eitt barn er mus. Dei andre barna går saman to og to og held i hendene.
2. Katten skal prøve å fange musa. Dei andre barna spring parvis rundt på leikeområdet.
3. Dersom katten tek musa, bytar dei roller.
4. Musa kan komme seg unna ved å ta i handa til eit barn i par. No er det barnet som er ytterst som blir mus og blir jaga på.